

Erling Berge, NTNU, Trondheim

HUNGERSNAUD I MALAWI?

Afrika svelt. Dette er på eit vis daglegdags kunnskap for norske avislesarar. Det er 20 år sidan "Live Aid". I år har statsminister Blair lansert eit nytt program for å få Afrika ut av det gamle sporet. Det er ikkje lett.

Det finst mye kunnskap om dei mange og varierte årsakene til hungersnaua og dei mange dynamiske konsekvensane av den. Det er godt kjent at krig i land som Sudan og Kongo eller vanstyre som i Zimbabwe gir hungersnaud. Men også i Malawi vert det no varsla hungersnaud.

Malawi? Kvifor skulle det bli hungersnaud i Malawi? Det er over 10 år sidan det 30 år lange diktaturet til Banda vart avskaffa. Donorane - med ein sann flora av hjelpetiltak - har vore tilbake nesten like lenge. Dessutan, Malawi er eit grøderikt jordbruksland med fjell og sjørar. Landet har rikeleg med ferskvatn. Om lag tjue prosent av arealet til landet er ferskvatn. Malawi-sjøen er 580 km lang og mellom 40 og 90 km brei. To andre svære sjørar blir som små koppar ved sida av.



Utsyn over den grøderike Shiredalen frå toppen av Zombaplatået.

Og likevel er tørke eit problem for jordbruket. Sidan dei første estimat av årets avling kom i januar har landets aviser skrive mye om at ein må vente hungersaud. Årsaka, seier dei, er tørke og mangel på gjødsel. Regntida slutta 3 veker for tidleg, i ein kritisk periode for utviklinga av maisen. Den nye regjeringa var for seint ut med å gjere vedtak om å subsidiere gjødsel og såkorn. For svært mange småbønder kom både såkorn og gjødsel for seint i høve til regnet. I følgje regjeringa sine siste estimat har dette ført til ein svikt i avlinga på ca 40% i høve til det landet treng for å vere sjølvforsynt.

Dei som planta tidleg - med same regnet byrja i november - har fått brukbare avlingar. Så tørke er tydelegvis eit relativt omgrep. Dei fleste andre vekstane vi ser rundt om klarer seg bra. Det er berre maisen som vart planta eller fekk gjødsel for seint som har problem.

Også i Sør-Afrika er det krise. Dei har fått ei uvanleg god avling av mais. Prisen har falle til nesten det halve og mange bønder står i fare for å gå konkurs. Overskotslagera frå i fjor er store og legg ein til årets overskot kunne dei la vere å plante mais neste år. Men det gir jo lite inntekt til dei som dyrkar maisen.

Løysinga synest opplagt. Malawi må kunne kjøpe mais frå Sør-Afrika. Men så enkelt er det diverre ikkje. Sjølv om Malawi skulle kunne skaffe valuta til å kjøpe inn det dei manglar av mais, er det neppe i Sør-Afrika dei kjem til å handle. Etter at apartheid regimet fall i Sør-Afrika og Banda-regimet i Malawi, vart dei nye regima pressa av det internasjonale

pengefondet (IMF) og verdsbanken til å slutte med subsidier til jordbruket sitt. Dermed kan ikkje bønder i Sør-Afrika konkurrere med subsidierte bønder frå EU og USA. Innkjøp av mais til matvarehjelpa vil nok måtte skje der den er rimelegast – i EU eller USA, dersom ein da ikkje har prinsipielle innvendingar mot å handle med USA slik som Iran som nett kjøpte eit stort parti mais frå Sør-Afrika. Det store matvareoverskotet i Sør-Afrika vil neppe vere til hjelp for andre afrikanske land.

Når så nyinnkjøpt mais kjem inn til Malawi finn vi eit nytt problem. Korleis kan ein fordele den til dei som verkeleg treng hjelpa? Og korleis kan ein gjere det utan å gjere dei til hjelpetrengande dei som faktisk har fått fram ei avling? Dei som treng hjelp er i første rekkje dei som lever i ein sjølvbergingsøkonomi med eit minimum av kontantinntekter. Kanskje skulle det vesle dei treng av kontantar kome frå sal av litt mais? Dersom regjeringa sel maisen til marknadspris eller gir den bort utan skikkeleg behovsprøving vil marknaden for dei som har fått fram ei avling forsvinne og gruppa av hjelpetrengande vil auke drastisk.

Å gi hjelp utan å gjere meir skade enn gagn er ikkje lett. Men hjelpeorganisasjonar av ulike type er etter kvart vortne både kunnskapsrike om problema og dyktige i å løyse dei. Dei klarer nok dette også. Men klarer dei å gjere noko med det underliggjande langsiktige problemet? Klarer dei å overtyde malawiarane om at dei må gjere seg mindre sårbare for variasjonen i nedbør? Den totale dominansen av mais i kosthaldet er oppsiktsvekkjande, men kanskje til å skjønne i eit kosthald der fisk og kjøtt stort sett manglar. Mais er rikt på viktige protein. Mengda fisk som vert fanga i dei store sjøane er no på rask veg nedover etter lang tids overfiske. I fjellområda er det tradisjonar for kvegghald, men kanskje ikkje kjøttproduksjon. I det daglege kosthaldet til folk flest er det kylling som er kjøtt. Om ein skulle gjere seg mindre avhengig av mais måtte det to endringar til. Kunnskapen om ernæring måtte bli betre, og "smaken" til folk flest måtte endrast. Det er med malawiarar og maisgraut (nsima) om lag som det var med nordmenn og poteter for ein generasjon eller to sidan. Det var ikkje middag utan poteter. Ei slik endring tar tid. Minst ein generasjon. I mellomtida trengst det satsing på utdanning.